

## **STYREPROTOKOLL**

Onsdag **8. desember 2021** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Siv Bente Stople Østbø.

<b>MØTESTAD:</b>	Møterom Rennesøy, Åsbygata 13, Haugesund
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 16.30 – 18.05
<b>FRÅ STYRET MØTTE:</b>	Siv Bente Stople Østbø, Ernst Morgan Endresen og Astri Furumo
<b>FORFALL:</b>	Ingen
<b>FRÅ SELSKAPET MØTTE:</b>	Dagleg leiar Toril Hallsjø
<b>INNKALLING:</b>	Godkjent, utsending 03.12.21
<b>SAKSLISTE:</b>	Notat av 07.12.21 blei ettersendt og vart lagt til som pkt. 19 i sak 23/21

### **Følgjande saker blei handsama:**

#### **SAK 22/21 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 07.10.21**

**Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**  
Protokoll frå styremøtet 07.10.21 blir godkjent.

**Styrehandsaming 08.12.21:**  
Styret hadde ingen merknader til protokollen.

**Samrøystes vedtak 08.12.21:**

*Protokoll frå styremøtet 07.10.21 blir godkjent.*

#### **SAK 23/21 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 08.12.21**

12. Resultata frå lønnsforhandlingane 26.10.21 (*unntatt off. – OFL § 23.1*)
13. Møteplan 2022 – alle kontrollutvala på Haugalandet
14. FKT- medlemsinformasjon september 2021
15. Innkalling til styremøte 08.12.21 i IKA Rogaland IKS
16. Bernt svarar: Er vervet som leiar av representantskapet i eit IKS eit kommunalt tillitsverv?
17. Konferanse for kontrollutvala i Rogaland 02.12.21 i Sandnes
18. NKRF si Kontrollutvalskonferanse 2022 den 02.02-3.02.22 – Gardermoen
19. Notat av 07.12.21 - orientering om restrukturering av Rogaland kontrollutv.sekretariat IS

**Styrehandsaming 08.12.21:**

Styreleiar orienterte om lønnsforhandlingane og ho hadde spørsmål rundt utvala si auka møteaktivitet og om fordeling av kostnadene på kommunane. Dagleg leiar viste til selskapsavtala § 19 om grunnpris og variabel del etter estimert nytta tid. Elles viste ho til at dei hadde som mål å vere fleksible og aktiviteten kunne bli lågare enn plan. Styret ville vurdere om dette var tema for representantskapet.

Dagleg leiar orienterte om dei andre sakene, og sist mottekne notat om kommande restrukturering av sekretariatet i sør-fylket frå IS til IKS med deira ønskje om å komme i dialog med styret om framtidige løysingar.

Styret meinte HKS var rigga ut frå dagens lovverk og kapasitet. Styret meinte at for dei hadde saka ikkje nokon hast, men ville sjølvstekt handsame saka når det kom eit brev frå styret i sør.

**Samrøystes vedtak 08.12.21:**

*Styret tar referatsakene 13-19 til orientering.*

**SAK 24/21 – STATUSOVERSIKT PR. DESEMBER 2021**

**Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

Statusoversikt pr. desember 2021 blir tatt til orientering.

**Styrehandsaming 08.12.21:**

Dagleg leiar orienterte om arbeidet i haust. Ho refererte frå samlinga i Sandnes og digitale møta med statsforvaltaren i Vestland og Rogaland.

Styret hadde merka seg at skifte av revisjonsordning frå private selskap til Rogaland Revisjon IKS hadde ført til meirkostnader for kommunane. Det er likevel usikkert kva ny anbudsrunde hadde gjeve for eit nivå.

Styret var elles nøgd med stoda og orienteringa.

**Samrøystes vedtak 08.12.21:**

*Statusoversikt pr. desember 2021 blir tatt til orientering.*

**SAK 25/21 – REGNSKAPSRAPPORT 31.10.21**

**Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

Styret tar regnskapsrapport pr. 31.10.21 for HKS IKS til orientering.

**Styrehandsaming 08.12.21:**

Styreleiar orienterte og peika på at pensjonsutgifta viste meir enn budsjettert. Ho meinte det kunne skyldast feil periodisering. Elles var det god kontroll. Rekneskap låg ann til pluss, og styret meinte det var bra med god eigenkapital til neste år.

**Samrøystes vedtak 08.12.21:**

*Styret tar regnskapsrapport pr. 31.10.21 for HKS IKS til orientering.*

**SAK 26/21 – ARBEIDSPLAN FOR 2022**

**Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

Arbeidsplan for 2022 blir tatt til orientering. Styret har følgjande innspel.....

**Styrehandsaming 08.12.21:**

Styreleiar innleia og informerte om lovverk knytte til ferielov og sluttdato. Styret drøfta lovverk og prosess knytte til sekretariatsordninga for kontrollutval og kommande rekrutteringsprosess.

Furumo gjorde framlegg om at saka blei utsett til neste møte på nyåret. Styret var samd i det.

**Samrøystes vedtak 08.12.21:**

*Saka vert utsett til fyrste styremøte i 2022 .*

**SAK 27/21 – MØTEPLAN FOR 2022**

**Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

Styret vedtar følgjande møteplan for 2022:

onsdagane 23.02, 06.04, 01.06, 10.08, 21.09 og 07.12 kl. 16.00.

Representantskapsmøtet blir sett til måndag 25.04.22

Dagleg leiar kan, i samråd med styreleiar, endre møtedato dersom det vert naudsynt.

**Styrehandsaming 08.12.21:**

Styreleiar gjorde framlegg om å stryke datoane i juni og august, og heller komme tilbake til datoar når det ville bli trong for det i samband med kommande rekrutteringsprosess. Styret gjekk for å sette fire datoar, som tidlegare år.

På bakgrunn av oppblomstringa av Covid-smitte nå desember og nye nasjonale restriksjonar meinte styret at ein må vente å sjå om representantskapsmøtet skal haldast fysisk eller digitalt (tredje gong). Styret var samd i at 15 år for selskapet ikkje var grunn for nokon spesiell markering.

**Samrøystes vedtak 08.12.21:**

*Styret vedtar følgjande møteplan for 2022:*

*onsdagane **23.02, 06.04, 21.09 og 07.12 kl. 16.00.***

*Representantskapsmøtet blir sett til måndag 25.04.22.*

*Dagleg leiar kan, i samråd med styreleiar, endre møtedato dersom det vert naudsynt.*

**EVENTUELT**

Ingen saker blei meldt.

Etter julemiddagen overrekte dagleg leiar styret og tilsette blomster med ønskje om god jul. Styret takka for samarbeidet i 2021.

Dato for neste styremøte er sett til **onsdag 23. februar.**

Årsrekneskap og utkast til årsmelding/styremelding vil då bli handsama og signert for så bli overlevert til revisor for ny handsaming i april.

Aksdal, 8. desember 2021

Siv Bente Stople Østbø (sign.)  
Styrelleiar

Toril Hallsjø (sign.)  
Dagleg leiar